

# THE BOOK OF MORMON



STUDIEMATERIELL





# HAR DU HØYRT OM DEN AMERIKANSKE PROFETEN?

*The Book of Mormon* er ein satirisk musikal om religion, som har sprengt alle grenser for kva ein kan tulle med – og komme unna med. Trey Parker og Matt Stone har i årevis utfordra alle religionar, ideologiar og tankesett gjennom serien og filmen South Park. Ingenting er for heilag for denne duoen.

Å finne humor i det fornærmande og likevel gjere det med varme, er grunnen til at sjølv mormonarkyrkja har femna om musikalen

Dette studiematerialet er eit samarbeid mellom Det Norske Teatret og Gyldendal Undervisning. Her får du ein inngang til framsyninga, artiklar, utdrag frå skodespelet og oppgåver du kan bruke til for- og etterarbeid. Oppgåvene er laga med tanke på engelsk og norsk, men kan også nyttast i andre fag.

Vi håper at dette studiematerialet kan inspirere og vere nyttig i undervisninga. Og at du får lyst til å ta med elevane dine på teater!

## Beste helsing

### Erlend Tårnesvik Dreiås

formidling- og pedagogisk ansvarleg  
- Det Norske Teatret

### Magnhild Glende

Redaktør, Gyldendal Undervisning

### Kristine Uldal

Redaktør, Gyldendal Undervisning



**GYLDENDAL**  
UNDERVISNING

# GALLERI

# MEDVERKANDE I FRAMSYNINGA



**FRANK KJOSÅS**  
Kevin Price



**KRISTOFFER  
OLSEN**  
Arnold  
Cunningham



**ANETTE AMELIA  
HOFF LARSEN**  
Nabulungi



**PREBEN  
HODNELAND**  
Eldste McKinley




**MARVIN  
AMOROSO**  
Mafala Hatimbi



**MARKUS BAILEY**  
General Røv  
Føkkings Naken



**NIKLAS  
GUNDERSEN**  
Joseph Smith,  
President m.fl.



**CARL MARTIN  
PREBENSEN**  
Ensemble 1




**DANIEL  
MAURICIO**  
Ensemble 2



**HANS MAGNUS  
H. RYE**  
Ensemble 3



**JONAS F.  
URSTAD**  
Ensemble 4 /  
McKinley



**JOAKIM H.  
OUSDAL**  
Ensemble 4



**JUDY N.  
KARANJA**  
Ensemble 5



**KIM FAIRCHILD**  
Ensemble 6



**MIKKEL  
GYTHFELDT**  
Ensemble 7



**RICHARD  
LESSEY**  
Ensemble 8



**SIGURD V. MART-  
HINUSSEN**  
Ensemble 9



**SINDRE BJØRKE  
HØYANG**  
Ensemble 10



**MIMMI TAMBA**  
Ensemble 11



**AMANDA  
KAMARA**  
Ensemble 11



**KIDANE G.  
DALVA**  
Ensemble 12



**JEFFREY YOUNG**  
Ensemble 12



**EMIL RODRIGO  
JØRGENSEN**  
Ensemble 13



**FREDRIK  
BOERENSTAM**  
Ensemble 13

## **KUNSTNARLEG LAG**

Medregissør, tekst, musikk og songtekstar: Trey Parker

Tekst, musikk og songtekstar: Robert Lopez

Tekst, musikk og songtekstar: Matt Stone

Omsetjing: Are Kalvø

Regissør: Vidar Magnussen

Musikkansvarleg: Lars Bleiklie Devik

Scenograf: Gjermund Andresen

Kostymedesignar: Ingrid Nylander

Lysdesignar: Torkel Skjærven

Koreograf: Johan Osuldsen

Koreograf, stepp: Anneli Moe

Lyddesignar: Morten A. Jorsett

Dramaturg: Carl Morten Amundsen

## **BAND**

Kapellmeister og tangentar: Sverre Erik Kristoffersen

Tangentar: Knut Løchsen

Gitarar: Mats Grønner

Trommer: Christian Svensson

Bass: Johnny Sjø

Trompet: Jens Petter Antonsen

Trombone: Kristoffer Kompen

Treblåserinstrument: Nils Jansen

Treblåserinstrument: Børge Are Halvorsen

Fiolin: Bjarne Magnus Jensen

# SENSASJONEN FRÅ BROADWAY TIL OSLO

- Den beste musikalen i dette hundreåret, skreiv The New York Times etter at gutta bak South Park brakdebuterte med musikalen *The Book of Mormon* på Broadway i 2011. Etter seks år med fulle hus i New York og London har turen komme til Oslo.



– The Book of Mormon er boka du ikkje visste du ville elske, seier Frank Kjosås som har kapra ein av dei ettertrakta rollene i stykket. Musikalen, som over natta blei ein sensasjon, har sprengt alle grenser for kva ein tøyse med. Men Trey Parker og Matt Stone gjer det på ein smakfull og intelligent måte og kjem unna med det meste. Til og med det meir eksplisitte språket. Her blir ingen eller ingen ting spart.

**TEKST**

Ida Michaelsen

**FOTO**

Victoria Will / AP / NTB  
scanpix / Siren Høyland  
Sæter

**UMAKE PAR**

To unge mormonarar skal på sitt første misjonsoppdrag. Rett frå vidaregåande og ein trygg og beskytta oppvekst i Utah, USA, går turen til det krigsherja og sultprega Uganda (som også strir med AIDS.) Eldste Price er den amerikanske draumeguten, som med sitt perfekte ytre

og sin lytefrie oppførsel har surfa gjennom livet, populær og omsverma. Han kan sin bibel, eller Mormons bok om du vil, og er overtydd om at han kan frelse heile verda. Han meiner han vil gjere det så godt at sjølv Gud blir imponert.

Eldste Cunningham derimot er ein nerd og ein mammadalt som har fått sydd puter under armane gjennom heile oppveksten. Han diltar etter, er ikkje av den kule sorten og nok inst inne ikkje den Price ville ha føretrakt som kompanjong. Cunningham har eit vagt forhold til Mormons bok, han er langt meir inne i Star Wars og har eit omtrentleg forhold til framgangsmåten som mormonar kyrkja har godkjent for misjonsoppdrag.

Med andre ord – det er kanskje ikkje den mest samkøyrde duoen som landar i Afrika. I møtet med elendigheita og utfordringane viser dei to unge gutane andre sider av seg sjølve, og opphaldet vil på sett og vis endre dei begge.

*The Book of Mormon* er ikkje berre ein hysterisk harselas med religion, frelse og tøvete læresetningar og trusspørsmål. Det er òg ei coming of age-historie, der opplevingane i dette utsette samfunnet fører til ei oppvakning for begge unggutane.

#### BILDETEKST

#### TIL VENSRTTE:

Trey Parker og Matt Stone er opphavsmenn til South Park, og *The Book of Mormon*.

#### TIL HØGRE:

Animasjonsserien South Park.

#### VIL IKKJE GJERE NARR

«Eit ateistisk kjærleiksbrev til ein religion» har skaparane av *The Book of Mormon* kalla musikalen. Dei har kjent kvarandre sidan ungdomsåra og gjekk på skole saman med mange mormonarar. Matt Stone og Trey Parker er kjende som bakmennene for South Park. Mindre kjent er det at dei sidan gutedagane har bore på ein draum om å lage den perfekte musikalen. Og



kva ville vel ha vore meir moro enn å skape ein musikal som tok for seg dei fantasirike og merkelege historiene dei hadde høyrte frå vennene sine i trussamfunnet? For dei som kjenner South Park-universet, veit at dei ikkje lar ein sjanse gå forbi for å smette inn litt mormon-humor.

– Dei er fasinerande, vennlege og har humor. For ein utanforståande verkar dei både glade og lykkelege, samstundes som religionshistoriene deira er nokså merkelege. Viss ein først skal harselere med folks religion, må ein jo presentere dei på ærleg vis.

– Intensjonen var aldri å gjere narr av mormonarane. Vi bruker mormonarar til å seie noko om religion meir generelt, fortel dei i eit intervju med Theatre Talk. – The Book of Mormon seier ikkje berre noko om korleis religion kan få folk til å tru på sjølv det mest utrulege, stykket viser også korleis religionar utviklar seg. Det er kanskje litt fornærmande, men ikkje kynisk. Musikalen peikar mot optimisme og mot å ha det gøy.

### **VIDAR MAGNUSSEN DEBUTERER SOM REGISSØR**

At det er gøy, er noko Vidar Magnussen kan seie seg einig i. Komikaren og skodespelaren skal debutere som regissør på The Book of Mormon, ei oppgåve han går til med glede. – Kvar person eg har møtt, fortel ei nesten identisk historie som den eg sjølv fortel om opplevinga mi etter å ha sett The Book of Mormon. Der satt eg, med ein 14-åring på venstre sida av meg og ein 70-åring på høgre. Gjennom to timar skrattlo vi alle saman. Alle lo frå botnen av magen. Det er ei oppleving eg aldri har hatt før. Og eg trur det berre skjer ved eit par skotårstilfelle, når nokon lagar ein perfekt komedie. Den treffer alle. Det blir ikkje betre enn dette, seier han.

### **— BRA VI KAN SEIE FØKK**

For å omsette dei språklege finessane, for ikkje snakke om grovheitene, og den kjappe replikkvekslinga, har teateret hyra inn Are Kalvø, som ikkje er



#### **BILDETEKST**

Vidar Magnussen er regissør for framsyninga på Det Norske Teatret.



#### BILDETEKST

Det er Are Kalvø som har omsett manuset til norsk.



#### BILDETEKST

Tempelet i Salt Lake City (over) liknar til forveksling eit Disney-slott (under).



ukjend med satire, men som må hente fram eit vokabular han nok ikkje nyttar i det daglege.

### DISNEY-INSPIRERT

– Det estetiske i mormonarkyrkja harmonerer så perfekt med musikalteateret at du på ti sekund er med på tanken om at dei sjølvsagt skal danse og synge, seier Matt Stone i eit intervju etter premieren i London.

Ingen av dei klarer å la vere å le av det teatraliske og høgtidsstemte over retorikken og estetikken i mormonarrørsla. At den bibelske tidsrekninga også gjeld i 1827 når Joseph Smith grunnlegg religionen. At tempelet deira i den heilage byen Salt Lake City til forveksling er likt slotta hos Disney. Og at Edens Hage ligg i Jackson Missouri. At ein som mormonar i tillegg er pålagd å reise med ein partner på misjonsoppdrag, erstattar den klassiske Broadway-kjærleikshistoria.


The Book of Mormon er spekka med referansar til musikalhistoria. Her er det vel å merke ingen parodiar, berre ei endelaus rad av hyllingar. Stykket viser til andre verk og gjer det større enn det er. Her får dei som elsker musikalar sitt. Det same gjeld for dei som elsker popkultur, oppsøker satire, er opptatt av samfunnskritikk, er skeptiske til religion eller dei som berre vil ha rein underhaldning.

TIPS: På nettsida til Det Norske Teatret finn du fleire artiklar, filmar og podcastar om The Book of Mormon. [www.detnorsketeatret.no](http://www.detnorsketeatret.no)

# MORMONARAR EIN KVIKK-GUIDE



1. Jesu Kristi Kyrkje av dei siste dagars heilage blei grunnlagd i USA 6 april 1830. I 1823 fekk Joseph Smith eit bod frå engelen Moroni om å grave opp ei gulltavle ved eit tre i nærleiken av huset sitt i staten New York.
2. Teksten var på eit ukjent egyptisk språk. Joseph Smith brukte 'sjåarsteinar' – magiske briller – for omsette teksten til engelsk. Mormons bok er eit tillegg til Det gamle og Det nye testamentet. Altså eit tredje testamente.
3. Det offisielle talet på medlemmar var i 2016 15.634.199 fordelt på 160 land. Dei fleste mormonarar bur utanfor USA. Dei første misjonærane kom til Noreg i 1851. I dag er det 4.681 registrerte mormonarar i Noreg.
4. Mormonarar blir oppmoda om å bruke to år i misjonsteneste. Dette betalar dei sjølve. Dei har ei regelbok som skal hjelpe dei å halde fokus på jobben dei skal gjere når dei er ute på misjon. Denne blir ofte kalla 'den kvite bibelen'.
5. Mormonarar drikk ikkje kaffi og te. I dei offisielle reglane, signert Joseph Smith, er det 'varm drikke' dei forbyr, mens annan koffeinrik drikke, som Coca Cola og Pepsi, er lov.
6. Mormonarar har eit spesielt undertøy; 'garments'. Dette skal beskytte mot vondskapen i verda, og dei har det på seg både dag og natt.
7. Når ein er i misjonsteneste, skal ein unngå alle former for verdslig underhaldning: TV, film, teater og musikk er ikkje lov. Fordi ein skal halde folk på misjonstenesta, er heller ikkje nyheiter og internett tillatne.
8. Mormonarpresidenten snakkar direkte med Gud. Derfor er befalingar frå han allereie ferdig tenkte, og ein skal ikkje argumentere mot dei.
9. Mormonarar trur at folk flest vil ende opp i ein av tre himlar, basert på graden av truskap. Dei trur ikkje på arvesynda, men at ein blir dømd for gjerningane ein gjer i si tid på jorda.
10. Den heilage treeininga: Dei trur at Gud, Jesus og den heilage anden er tre ulike storleikar, og at Gud er ein fysisk kropp av kjøt og blod.
11. Mormonarar har hemmelege handtrykk som dei lærer i tempelet. Dette handtrykket skal dei gi St. Peter, så han opnar porten inn til himmelen for dei.
12. Salt Lake City blei kalla 'det heilage landet' og er hovudsetet for mormonarkyrkja. Her finn ein mellom anna det kjende landemerket Salt Lake Temple. Tempelet er ikkje ope for ikkje-mormonarar.





## TEKST

Erlend Tärnesvik Dreiås

## ILLUSTRASJON

Eirik Malmø







# OPPGÅVER

**NIVÅ:**  
**ungdomsskole**

## ACTIVITIES FOR ENGLISH CLASS

---

### Introducing *The Book of Mormon*

The Book of Mormon is an American musical comedy about two young Mormons, Elder Price and Elder Cunningham, who travel to Africa as missionaries. The script, lyrics and music were written by Trey Parker, Robert Lopez and Matt Stone. Parker and Stone are also famous for creating the popular animated TV-show South Park, whereas Lopez is one of the co-composers of the Disney film Frozen. The musical premiered on Broadway in New York in 2011, quickly became a huge hit and has won several awards. This autumn it opens in Oslo.

### Before Watching *The Book of Mormon*

#### **1. Starting up**

- Have you heard about the Mormons? What do you know about them?

The Book of Mormon is a musical.

- What is a musical? Have you seen any other musicals, and do you know any famous songs from any?

#### **2. Hello! Listening to a song from *The Book of Mormon***

Listen to Hello!, the opening number to the musical, using for example YouTube. Here we meet a group of young Mormons who knock on people's doors to tell them about Jesus Christ and the Mormon Church.

- See appendix (vedlegg 2): Fill in the missing gaps or delete the extra words in the lyrics.
- How would you describe this song?
- Did you like it? Why, why not?
- Why do the Mormons show up on people's doors?

#### **3. Find out More about the Mormons**

Divide into groups of four, go online and find out more about the religious group The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints (often shortened down to The LDS Church or more commonly referred to as the Mormons).

Divide the tasks between you:

1. The background and the Mormons today: what is the history behind the Mormons? How many Mormons are there today? Where do most live?
2. What are their main religious beliefs?
3. What is the Book of Mormon that the musical is named after, and why is it important to the Mormons?
4. What is the Mormon missionary programme? Why do the Mormons have

this programme?

Prepare a mini-presentation (ca 3 min) for the other group members. Use a dictionary to look up any words that are new to you. Try to use only key points and have eye contact with the listeners when holding your presentation. Have a sum-up in class at the end.

#### **4. Satire**

The Book of Mormon is a musical, but also a satire.

- What is a satire?
- Based on what you now know about The Book of Mormon, in what way could it be said to be a satire?
- What could be the purpose of using satire?

Discuss in pairs. Use the Internet to find out about satire.

#### **5. Act it Out!**

In pairs: one of you is a missionary or a salesperson knocking on a person's door, while the other is the person opening that door. The missionary or salesperson is enthusiastic and convincing. The other person is sceptical at first, but then starts to become more positive. Act it out!

### After Having Watched The Book of Mormon

#### **Humour**

Did you find the musical funny? If so, give examples of funny episodes or lines in the musical and share them with other students.

#### **Act it out!**

In groups: Choose a scene from the musical that you enjoyed, make a script based on memory, and act it out for another group or the rest of the class!

#### **Make a Theatre Review**

What do you think about The Book of Mormon? Make a review where you share your opinion of the musical. You choose between making a podcast or written review. Your teacher will show you what should be included in a theatre review.

#### **Vocabulary**

Write a short text about the Mormons where you use and explain these words:

Mormons - Book of Mormon - The Church of Jesus Christ of Latter-Day Saints - missionaries - Elder - Joseph Smith - Salt Lake City

#### **Discuss!**

- After having watched the musical, did it go too far in mocking religion, and the Mormons in particular, or is this something religious groups should be able to deal with? Divide into teams and prepare for a debate in groups or in class. Use examples from the musical to support your points.

- Matt Stone, one of the creators of the musical, has described The Book of Mormon as "an atheist's love letter to religion". What do you think he meant by that? Give examples from the musical.
- In The Book of Mormon, Elder Price and Elder Cunningham are sent as missionaries to Uganda. How is Uganda, and more generally Africa, depicted in the musical? Give examples. Why do you think it is done this way? What is your opinion of it?
- Why do you think The Book of Mormon has become such a great success? Use examples from the musical to support your points.

**Find out more**

How did the Mormon Church react to the musical? Go online and find out. Share your findings with another student and discuss why you think they reacted the way they did.



**NIVÅ: VG 1-3**

# AKTIVITETAR I NORSKFAGET

## INTRODUKSJON TIL THE BOOK OF MORMON

*The Book of Mormon* er ein satirisk musikal om to unge, amerikanske mormonarar, Eldste Price og Eldste Cunningham, som blir sende til Uganda for å misjonere. Den eine er populær og omsverma med ei sterk religiøs tru, den andre ein slags antihelt med meir kunnskap om Star Wars enn mormonarkyrkja han skal misjonere for. Felles for dei begge er at dei er temmeleg naive og umedvetne om den tøffe verkelegheita som ventar dei i Afrika. På den eine sida er musikalen ein såkalla «coming of age» historie der miljøskiftet fører til ei oppvakning og modning hos dei to gutane. På den andre sida er dette ein musikal som gjer narr av religiøs tru og misjonsarbeid.

Stykket er skriva av Trey Parker, Matt Stone og Robert Lopez og blei ein kjempesuksess da det blei oppført på Broadway i 2011. Omsetjinga til norsk er gjort av Are Kalvø, og det er Vidar Magnussen som har den norske regien. I rollene som Eldste Price og Eldste Cunningham møter vi Frank Kjosås og Kristoffer Olsen.

## FØR DU HAR SETT FRAMSYNINGA

### **Oppvarming**

- Skriv ei liste med ting, personar eller tv-program som får deg til å le.
- Er det visse tema ein ikkje bør tulle med? Kvifor/kvifor ikkje? Diskuter med sidepartnar i to minutt og ta deretter opp nokre av innspela i klassen.

### **Komediesjangeren og humoristiske verkemiddel**

Komediesjangeren har røter tilbake til den greske antikken. Ordet komedie kjem av gresk kosmos, som betyr «lystig opptog», og ode, som betyr «song» og stammer frå festane som blei heldt til ære for vinguden Dionysos på 500-talet før Kristus. Typiske kjenneteikn på sjangeren er overdriving (hyperbol), både i handlinga og karakterane. I komedien blir ofte dramapersonane karikerte, det vil seie at dei har nokre få overdrivne, negative eigenskapar slik som til dømes lettlurt, sjølvgod eller nevrotisk. Det er også vanlegvis store kontrastar mellom dei ulike karakterane, og denne skilnaden bidreg til å skape komiske konfliktar eller problem som gjerne handlinga krinsar rundt.

- Ta utgangspunkt i komediar du kjenner frå tv eller film, og finn nokre eksempel på personar som har overdrivne eigenskapar.

Studer teaterplakaten frå den norske utgåva av *The Book of Mormon* (vedlegg 1).

- Kva slags førsteinntrykk får du her av Eldste Cunningham (til venstre) og

Eldste Price?

- Gå deretter inn på Youtube og sjå sangnummeret «Du og eg» frå musikalen. Skriv ein kort presentasjon av kvar av karaktertrekka til dei to hovudpersonane, og beskriv relasjonen mellom dei.
- Kjenner du nokre andre tekstar som har liknande typegalleri (tv-seriar, teikneseriar, filmar eller liknande)?

I vedlegg 1 følger ei beskriving av nokre språklege verkemiddel som er typiske for komediesjangeren. Les deretter dei vedlagde tekstutdraga frå det norske manuset til The book of Mormon (vedlegg 3).

- Prøv å finne døme på bruk av desse verkemidla.

### Satire

Satire er ein type komedie som har som føremål å utøve samfunnskritikk ved bruk av humor. Ofte er det politikarar, religiøse trusretningar eller maktinstitusjonar som blir uthengd og spotta. Men ein satiriskar kan også fokusere på fordommar og tabuemne i samfunnet generelt. Skaparane av The book of Mormon står også bak den kjende satiriske animasjonsserien South Park kor dei utfordrar grensene for kva ein kan tulle med. Dei har blant anna laga episodar om angrepet på World Trade Center i 2001, pedofili og homoseksualitet, men dei let heller ikkje kjendisar, politikarar eller kyrkjesamfunn som jødedommen eller mormonarkyrkja sleppe unna.

Satire blir gjerne rekna som en intellektuell form for komedie fordi du som publikum ofte må ha ein del bakgrunnskunnskap for å forstå budskapet eller den underliggjande samfunnskritikken i han. Ein kan også seie at satiren har ei form for demokratisk funksjon og er ein måte å bruke ytringsfridomen sin på. Å få folk til å le av noko eller nokon er truleg meir effektivt enn å kritisere med sakleg argumentasjon. Men slik bruk av humor medfører også eit ansvar fordi ein kan risikere å krenkje folk sine kjensler og verdier. I undertrykkjande regime kan det vere farleg å bruke humor og satire for å kritisere makthavarane, ein kan risikere fengselsstraff eller i verste fall dødsstraff. I vår del av verda finst det også døme på at religiøs satire har ført til ekstreme reaksjonar, eit eksempel du sikkert kjenner er terroråtaket på redaksjonen i det franske satiremagasinet Charlie Hebdo i 2015. Mormonarkyrkja har derimot valt ein meir sjølvvironisk respons på musikalen The Book of Mormon. På veg ut av at teateret kan publikum møte mormonarar som deler ut bøker i følgje med slagordet «Boka er alltid betre».



5080

Mediehuset

### Sjå ein episode eller eit klipp frå South Park .

- Kva er handlinga?
- Kva eller kven er det som blir latterleggjort?
- Finst det innslag av satire, svart humor og grov språkbruk? Gi eksempel.



### Finn døme på moderne norsk satire.

Sjekk til dømes ut NRK-kanalen Satiriks og vel anten ein episode av Nyhetskanalen 5080, animasjonsserien Norske grønnsaker eller serien Svart humor.

- Lag ein kort presentasjon på to til tre minutt der du presenterer motivet eller handlinga. Kva eller kven blir latterleggjort? Kva slags humoristiske verkemiddel blir brukt her, slik som overdriving, parodi, grov språkbruk, ironi og liknande. Vurder til slutt om formålet er satirisk eller berre rein underhaldning.

### **Satire i eit historisk perspektiv.**

Den greske komedieforfattaren Aristofanes (450 – 385 f. Kr) blir rekna som den første satirikaren og har vore førebilete for mange. På 1600- og 1700-talet brukte fleire kjende europeiske forfattarar fiksjon som middel til å kritisere dobbeltmoral og hykleri blant makthavarane i samtida.

- Leit og finn meir informasjon om nokre av desse verka, slik som Don Quijote av Cervantes (1605) Gullivers reiser av Jonathan Swift (1726), Niels Klims reise til den underjordiske verden av Ludvig Holberg (1740).

## ETTER AT DU HAR SETT FRAMSYNINGA

### **Oppsummering**

Del klassen i fem grupper der kvar gruppe får kvart sitt oppdrag som skal presenterast i klassen. De får 50 minutt til å fullføre oppdraga dykkar.

1. Vurder og gi eksempel på om The Book of Mormon følgjer den klassiske grunnstrukturen for ein komedie: stabil situasjon – uro eller fare trugar situasjonen – forviklingar fører til komiske episodar – svart punkt – løysing – situasjonen blir på nytt stabil. Lag ein teikneserie der de illustrerer strukturen i stykket.
2. Lag eit radiointervju (podast) med to frå publikum, den eine elska forestellinga medan den andre synest det vart for mykje drøy humor . I intervjuet går det fram kvifor dei er så ueinige.
3. Faktasjekk om Mormonarkyrkja. Finn ut meir om mormonarane, søk på nettet eller les Mormonarar – ein kvikk guide av Erlend Tårnesvik frå teaterprogrammet til Det Norske teateret ; Bakteppet (2017). I kva grad musikalen held seg til fakta. Kva trur de er grunnen til at Parker og Stone har valt seg ut akkurat mormonarane som målskive?
4. Kva og kven blir gjort narr av i stykket og korleis fungerer denne latterleggjeringa? Er det gjort med varme eller synest de at forfattarane tøyser grensene? Diskuter kva som kan vere moglege tema i stykket. Få gjerne resten av klassen med på diskusjonen under presentasjonen dykkar.
5. Kva for tema ville de laga satire av? Lag ei liste med minst fem forslag til emne som kunne vore gjenstand for eit kritisk skråblikk. Vel deretter eit av forslaga og lag ein pitch til eit program som de presenterer for klassen. Tittel? Sjanger? Personar? Handling?

### **Kjeldebidrag til dette undervisningsopplegget:**

Kapittelet «Komediar frå Aristofanes til tv-alderen» frå Aksnes, Akselberg m.fl (2007), Panorama norsk vg2, Gyldendal  
Det Norske Teaterets re-  
pertoarmagasinet Bakteppet  
Haust 2017

# VEDLEGG 1

PLAKATFOTO FRÅ  
DET NORSKE TEATRET

NOREGSPREMIER E 2. SEPTEMBER 2017

MED FRANK KJOSÅS OG KRISTOFFER OLSEN  
REGISSØR VIDAR MAGNUSSEN



DET NORSKE TEATRET PRESENTERER

## THE BOOK OF MORMON

MANUS OG MUSIKK AV  
TREY PARKER, ROBERT LOPEZ  
OG MATT STONE

ORIGINALOPSETJINGA BLEI REGISSERT AV  
CASEY NICHOLAW OG TREY PARKER



DET NORSKE  
TEATRET  
detnorsketeatret.no

OPPGÅVE I NORSK:  
SPRÅKLEGE VERKEMIDDEL

VERKEMIDDEL	FORKLARING	DØME
Ordspel	Leik med lydlike ord med ulik tyding	
Intertekstualitet eller allusjon	Når det blir referert eller sitert frå ein annan kjent tekst i teksten	
Underdriving	Motsetnad til overdriving, å uttrykkje seg svakare enn ein skulle forvente, men likevel får fram poenget.	
Samanlikningar	Samstilling av to ledd ved bruk av samanlikningsordet som	
Overdriven detaljering eller oppramsing	Til dømes å ramse opp mange eksempel etter at mottakar har forstått poenget	

# VEDLEGG 2



## Hello!

Listen to the song and fill in the missing words!

### **Elder Price:**

Hello!

My name is Elder Price  
And I would like to share with you  
The most \_\_\_\_\_ book

### **Elder Grant:**

Hello!

My name is Elder Grant  
It´s a book about \_\_\_\_\_  
A long, long time ago

### **Elder Price:**

It has so many awesome parts  
You simply won´t \_\_\_\_\_ how much  
This book can \_\_\_\_\_ your life

### **Elder Green:**

Hello!

My name is Elder Green  
I would like to \_\_\_\_\_ with you  
This book of \_\_\_\_\_

### **Elder Young:**

Hello! My name is Elder Young

### **Elder Harris:**

Hello!

Did you know that \_\_\_\_\_ lived here in \_\_\_\_\_

### **Elder Grant:**

You can read all about it now in this awesome  
book Delete the missing words

### **Elder White:**

Hello!

In this nifty book, it´s free  
No, you don´t have to pay me

### **Elder Young:**

Hello!

### **Elder Smith:**

Hello! My name is Elder Smith  
And can I leave this book with all of you  
For you to just peruse

### **Elder Brown:** Hello!

**Elder Green:** Hello!

**Elder Harris:** Hello!

I´ll just leave it here



It has a lot of useful information  
You can really use

**Elder Price:**  
Hello!

**Elder Harris:**  
Hi!

**Elder Price:**  
My name is-

**Elder Green:**  
\_\_\_\_\_

**Elder Grant:**  
You have a \_\_\_\_\_ home

**Elder Cross:**  
Hello!

**Elder Young:**  
It 's an \_\_\_\_\_ book

**Elder Smith:**  
\_\_\_\_\_!

**Elder White:**  
\_\_\_\_\_!

**Elder Harris:**  
Ni Hao!

**Elder White:**  
Me llamo Elder White!

**Elder Grant:**  
Are these your \_\_\_\_\_?

**Elder Green:**  
This book gives you the  
\_\_\_\_\_ to eternal life!

**Elder Smith:**  
Sound good?

**All:** Eternal life!

**Elder Green:**  
With Jesus Christ!

**All:**  
Is super fun!

**Elder Brown:**  
\_\_\_\_\_!

**Elder Harris:**  
\_\_\_\_\_!

**All:**  
And if you let us in  
We 'll show you how  
It can be done

**Elder Grant:**  
No thanks?

**Elder Green:**  
\_\_\_\_\_?

**Elder Grant:**  
Oh, well

**Elder Green:**  
That 's fine

**Elder Grant:**  
Goodbye!

**Elder Green:**  
Have fun in \_\_\_\_\_

**Elder Grant/Elder Cross:**  
Hey, now!

**All:**  
You simply won't \_\_\_\_\_ how much  
This book will change your life  
This book will change your life  
This book will change your life  
This book will change your life  
This book will change your life!

## VEDLEGG 3



### UTDRAG FRÅ MANUS

(Merk at store bokstavar markerer songtekst i manuset)

#### **PRICE**

HIMMELSKE FADER,  
KVAR VIL EG FÅ MISJONERE?

KINA, QATAR ELLER TSJAD?  
KVAR SKAL EG MISJONERE?

DET KAN BLI CALIFORNA-EY  
AUSTRALIA DER DEI SEI' G'DAY!

(Kryssar fingrane)

MEN EG VIL JO HELST TIL MIN  
DRØYMEPLASS...  
ORLANDO

#### **ELDSTAR**

ORLANDO

#### **PRICE**

EG ELSKAR

#### **PRICE OG ELDSTAR**

ORLANDO

#### **PRICE**

SEA WORLD OG DISNEY OG

#### **PRICE OG ELDSTAR**

MINI-GO-OLF

#### **STEMME**

Eldste Price!

*Price blir vekt frå draumen og spring fram.*

#### **PRICE**

Her, sir!!

#### **STEMME**

Din misjonsbror er... Eldste Cunningham!

*Nerden Cunningham kjem deisande.*

#### **CUNNINGHAM**

Det er meg! Det er meg! Halla!!!

*Han vinkar teitt til Price.*

#### **PRICE**

Hei ja.

#### **STEMME**

Og de skal misjonere i... Uganda!!

*Musikken stoppar.*

#### **PRICE**

... Uganda?

#### **CUNNINGHAM**

Uganda! Tøft... Kvar er det?

#### **STEMME**

Afrika!

*Price er tydeleg rysta, men tar seg saman.*

#### **PRICE**

Å ja! Sånn som Løvenes konge!

*Dei andre kjem dansande. Price ser framleis ein smule sjokka ut.*

## VEDLEGG 4



### **UTDRAG FRÅ MANUS**

EIN LITEN LANDSBY I NORD-UGANDA

*Når gutane kjem ut på scenen med bagane sine, blir musikken langsamare, fell frå kvarandre og stoppar. Gutane ser forferda på fattigdommen rundt seg. Ein mann går forbi dei, slepande på ein eselskrott. Gutane berre ser på han.*

### **CUNNINGHAM**

Okei. Ser ut som vi er framme.

### **PRICE**

(Tydeleg litt skremt. Og kanskje litt uvel.) Ja. Det var... det var litt av ein tur.

Cunningham tar fram eit videokamera.

### **CUNNINGHAM**

Einig. (Til kamera:) Okei. Då er vi framme her i Kit-gu-li, Uganda! Og kva syns du om Uganda så langt?

### **PRICE**

Eg synest det er... skikkeleg annleis.

### **CUNNINGHAM**

Æ-æ, ikkje sant? Skikkeleg annleis!

To ordentlig beintøffe vakter med maskingevær kjem og stiller seg framfor gutane, truande.

## VEDLEGG 5



### UTDRAG FRÅ MANUS:

DER MORMONARANE BUR, VED DEN NORD-UGANDISKE LANDSBYEN

*Nabulungi, dottera til Mafala, fører gutane gjennom landsbygatene til ein liten beskjeden bygning. Price er framleis ein smule rysta etter det han høyrde ugandarane synge.*

### NABULUNGI

Her er det. Det var hit far min sa eg skulle ta dykk med. Dei andre som er sånn som dykk er nok her inne.

### CUNNINGHAM

Tusen takk, Jon Bon Jovi.

### NABULUNGI

Nabulungi.

### CUNNINGHAM

Nab... Bon Jovi.

### PRICE:

Sorry. Vi set verkeleg pris på hjelpa, Nabulungi. Eh... Du? Kanskje vi kunne ta oss ein prat ein dag, Cunningham og eg og du. Kanskje vi kunne...

eh... fortelje deg litt om Jesu Kristi Kyrkje av Siste dagars heilage.

*Cunningham ler upassande, innser det.*

### NABULUNGI

Eg må komme meg tilbake til landsbyen eg no. Men de veit jo kvar de finn meg viss de vil snakke. Berre eit lite råd: Uansett kor varmt det blir om natta, ikkje opn vindauga. Det er berre vindauga som held skorpionane ute. Og moskitoane. Og løvene. Og drapsmennene og ranarane. Og AIDS. Og slangar og mordarmaur som faktisk kan legge egg under huda di og ete deg opp frå innsida.

*Ho går. Cunningham ser etter henne. Price snur seg og tørkar sveitte eller noko frå panna.*

### PRICE

(Sukkar) Ja. Det må eg seie. Er ikkje dette... ganske spesielt?

### CUNNINGHAM

Ikkje sant? Ho er ein heilt eigen type svart. Ho ser litt ut som ein caffe latte.

## **FOTO/ILLUTRASJON**

Foto frå framsyninga: Fredrik Arff

Plakatbilde på framsida: Eirik Malmø

Illustrasjonar: Eirik Malmø

Øvrige foto: Victoria Will / AP / NTB scanpix  
/ Siren Høyland Sæter

## **TA KONTAKT**

Vi ønskjer heile tida å bli betre. Derfor tek vi gjerne imot tilbakemeldingar, kommentarar og spørsmål. Dette kan både gjelde framsyninga du har sett, dette studiemateriellet, eller generelle kommentarar.

Skriv til: [skole@detnorsketeatret.no](mailto:skole@detnorsketeatret.no)  
eller ring 22473872.

